



Bjarne Lilleaas fekk flest slengjarar av Uskedal-kandidatane. (Foto: Kristian Hus)

**Bjarne Lilleaas (V) og Gunn Mari Moberg (H) fekk flest slengjarar av uskedelingane under kommunevalet. Med 159 og 152 plasserte dei seg som nummer 10 og 12 på "slengjartoppen".**

Ellers fekk Synnøve Solbakken klart flest røyster denne gongen – og ho fekk også flest slengjarar, nemlig 329.

Den sannsynlege nye ordførar oppnådde 1166,5 røyster medan Venstres ordførarkandidat Synnøve Handeland kom på andrelassen med 758.

Mannen som fekk flest røyster denne gongen og dermed kom på tredjeplassen var Gunnar Røssland (V, tidlegare H). Han stoppa på 699.

På "slengjartoppen" kom han på andreplassen med 295, så vidt foran Knut Prestnes (Sp) som hadde 244 slengjarar.